



Olset Eigedom AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Løyve etter forureiningslova utfylling i sjø ved gnr/bnr. 30/44 Olset Eigedom i Askvoll kommune

Statsforvaltaren i Vestland gir Olset Eigedom løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø. Føremålet med tiltaket er å utvide landarealet, gnr/bnr 30/44 i Askvoll kommune. Utfylling skal skje utanom gytetid for kysttorsk, bak dobbel siltgardin og med on-line turbiditetsmålarar med alarmgrenser for stopp i arbeida.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad datert 30. januar 2025.

### Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling av ca. 4 000 m<sup>3</sup> steinmassar i sjø frå land ved eigedom 30/44 i Askvoll kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet

### Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 45 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.




## Om tiltaket

Entreprenør Grunnfjell AS søker på vegne av Olset eide AS etter forureiningslova om anleggsarbeid i sjø for å utvide industriområde, Olsetvikane 79, gnr 30 bnr 44.

Det skal fyllast ut 4 000 m<sup>3</sup> (6 500 tonn) "storstein med lite finstoff". Steinen skal fyllast frå land. Sjødjupne i utfyllingsområdet er ned til – 4 meter. Areal sjøbotn er ca. 1 000 m<sup>2</sup>. Utfyllinga skal skje bak siltgardin og søker hevder at utfyllinga er i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Utfyllingsmassar er sprengstein frå eige område (Olsetvikane) og utfylling skjer frå land. Grunnfjell har i søknaden beskrive arbeida, gjort ei risikovurdering av anleggsarbeid og søkt om at utfyllinga skal skje bak siltgardin som avbøtende tiltak. Søkjar ynskjer å starte arbeida i mars 2025.

Sjøbotn vert omtala som stabil med finkorna sediment. Utfyllinga vil skje på delvis tidlegare utfylling



Figur 1 Utfyllingsområde vist som lilla areal

## Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Askvoll kommune, Bergens Sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Norges Fiskarlag samt lagt ut til høyring på Statsforvaltarens heimeside. Frist for å gje eventuelle merknadar var 10. mars 2025.

### Vestland fylkeskommune, marine kulturminner (21. februar 2025)

VF kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. VF har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

### Askvoll kommune (21. mars 2025)

Attgjeving av uttale:

"Det aktuelle området er i reguleringsplan for Olsetvikane avsett til føremål industri, det vil seie at utfylling i sjø er tillatt. Reguleringsplanen er gamal, frå 1984, og vil truleg bli oppheva i samband med



revisjon av arealdelen, eit arbeid som er i gang. Det har likevel ikkje vore noko tema å ikkje vidareføre industriområdet her.

Vi kjenner ikkje til konkret mistanke om ureining i grunnen/sjøbotnen i området. Det har vore betongproduksjon på aktuell eigedom i mange år.

Askvoll kommune har ikkje innvendingar mot den omsøkte utfyllinga. Det er likevel naturleg at det vert sett krav i løyvet etter ureiningslova, slik at det vert teke omsyn til dei mange naturverdiane i området."

Kommunen viser så til detaljreguleringsplan frå 2019 for Atløysambandet, ny fylkesveg til Atløyna, som vil gå igjennom industriområdet og vil erstatte deler av reguleringsplanen for Olsetvikane. Denne planen har reguleringsføresegner (for bygging av ny veg) som tek omsyn til kjend og sårbar natur og artar. Planen er vurdert etter naturmangfaldlova, som ikkje eksisterte i 1984. Kommunen viser her til føresegnar i vegplanen som kan vere aktuelle for anleggsarbeida i dette løyvet. Kommunen viser bl.a. til desse føresegnene

*§3.3 Det er ikkje tillatt med sprenging, utfylling og deponering i gyteperioden til torsk og sild, som er i tidsperioden frå og med februar til og med april, og i hekkeperioden for fugl i perioden frå og med april til og med juni. Vidare må det iverksetjast tiltak for å unngå spreiding av oppkvervla finsediment ved utfylling og bygging i sjø.*

*§7.1 Sprenging og utfylling i sjø kan ikkje utførast i tidsrommet frå og med februar til og med juni innafor området. Ein skal nytte seg av boblegardin ved sprenging, og siltgardin ved ev. utfyllingar i sjø og der det er risiko for oppvirvling og spreiding av partiklar, eller tilsvarende metodar.*

Kommunens uttale er vedlagt løyvet.

### **Fiskeridirektoratet (3. mars 2025)**

Attgjeving av uttale:

I området denne saken gjelder, har Havforskningsinstituttet (HI) registrert et lokalt viktig gytefelt for kysttorsk. Fiskeridirektoratet har registrert gyteområder for kysttorsk, brisling og sild i det samme området.

Nær tiltaksområdet er det registrert en fiskeplass for aktive redskaper, hvor det fiskes med snurpenot/ringnot etter makrell, sild og brisling. I Askvika er det registrert et viktig ålegrassamfunn og et svært viktig bløtbunnsområde i strandsonen.

Utfylling i sjø medfører risiko for spredning av utfyllingsmasser utenfor utfyllingsområdet og nedslamming av sjøbunnen lokalt. Dette kan representere en risiko for fisk og annet liv i sjøen. Utfylling i sjø vil kunne føre til oppvirvling av finpartikulært materiale som lett kan spres i et større område. Marine sedimenter kan inneholde flere ulike kjemikalier og miljøgifter som holder seg i vannmassene over lang tid. Finpartikulært materiale og innhold fra marine sedimenter som holder seg i vannmassene over lang tid følger havstrømmene og kan dermed også spres langt fra tiltaksområdet å gjøre skade i det marine økosystemet, inkludert på gytende fisk, fisk i tidlige livsstadier, samt over trofiske nivåer når fisk spiser andre dyr som har fått i seg partikler.

Vi kan ikke se at det er foretatt prøver av bunnsediment i tiltaksområdet og vi savner en redegjørelse av forurensingssituasjonen i området. Dersom det er forurensende sedimenter i området, må det utvises særlig aktsomhet ved utfylling. Vi forutsetter at Statsforvalteren har kontroll over forurensingssituasjonen i tiltaksområdet.



### Notfiske

Vi ber om at det tas hensyn til eventuelle innspill fra Sør-Norges Fiskarlag/lokallag om koordinering av arbeidet nærmere ift. eventuelt pågående fiske.

### Gytefelt for torsk

I dette gyteområdet har vi registrert at torsken gyter i perioden fra februar til mars. Dette er basert på opplysninger samlet inn gjennom intervjuer med fiskere. Videre svømmer yngelen ned til bunn og vokser opp i grunne områder i nærheten av gytefeltet i perioden mai til juni. I dette tidsrommet er yngelen ekstra utsatt for ytre påvirkninger, og er spesielt sårbare for finpartikulært materiale.

### Marine naturtyper

Bløtbunnsområder i strandsonene utgjør viktige beiteområder for kysttorsk, og for sei i vinter og vårhalvåret. Bløtbunnsarter er i hovedsak stasjonære og påvirkes av faktorer direkte på de stedene de befinner seg. Inngrep som utfylling, vil endre produktiviteten og det biologiske mangfoldet i det området som blir berørt varig eller for en kortere periode.

Ålegras har en viktig økologisk funksjon som oppvekst- og beiteområde for fisk. Naturtypen er sårbar for inngrep i sjøbunnen som utfylling og tiltak som medfører eutrofiering. For at et gytefelt skal være fungerende er det avhengig av å ha gode oppvekst- og beiteområder i nærheten. Begge naturtypene er sårbare for nedslamming og det er derfor viktig at tiltaket gjennomføres på en så skånsom måte som mulig, slik at omkringliggende miljø påvirkes i så liten negativ grad som mulig.

### **Konklusjon**

Vi ser det som svært negativt om viktige naturverdier ødelegges eller om miljøgifter spres eller slippes ut i naturmiljøet, hvor de akkumuleres i næringskjeden og på sikt kan representere mulig fare. Spesielt har miljøfarlige stoffer negative konsekvenser for gyte- og oppvekstområder, for marine organismer og for fiskeriene i utslippenes influensområder.

På generelt grunnlag vil Fiskeridirektoratet anbefale at de gangene det vurderes tillatelse til utfylling må tiltakene gjennomføres på en så skånsom måte som mulig, og med strenge krav til gjennomføring av arbeidene, slik at omkringliggende miljø påvirkes i så liten negativ grad som mulig.

Vi forutsetter at utfyllingsmasser er rene. Vi forventer at det ved utfylling gjøres tilstrekkelige avbøtende tiltak for å begrense spredning av forurensing og partikler. Vi råder til at tidspunkt for tiltak som berører sjø primært bør skje i årets siste halvdel fordi det er den perioden av året hvor livet i sjøen ligger mest i ro. Vi ber som minimum at anleggsarbeider i sjø legges utenom f.o.m. februar t.o.m. mai mht. den mest aktive gyte- og bunnslåingsperioden for kysttorsk."

### **Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane<sup>1</sup> (7. mars 2025)**

Attgjeving av uttale:

"Me i FNF Sogn og Fjordane vil med dette komme med nokre innspel til søknaden om utfylling i sjø ved Olsetvikane industriområde. Om tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan skal me ikkje gå så djupt inn på, men vil visa til at planen er veldig gammal, og at reguleringsgrensa syner storleiken på området som kan nyttast til industriformål, det er ikkje det same som at det bør nyttast til dette. Det har skjedd mykje sidan 1985, og ein må sjå dette i lys av dagens situasjon og kunnskap rundt

---

<sup>1</sup> Uttalen er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskeriforbund (NJFF) Sogn og Fjordane og BirdLife Sogn og Fjordane.



naturtap spesielt i viktige områder som elvemunningar er, spesielt med tanke på akvatisk liv og fugleliv. Fuglelivet i nærområdet vil også bli negativt påverka av Atløysambandet som skal passere området, den samla belastninga på dyregrupper i tilbakegang er for dårleg kjent.

Når ein les sjølve søknadsskjemaet om utfylling i sjø så verkar det som dette er godt innanfor og at det ikkje er nokon negative følger av ei slik utfylling. Til tross for dette er alle inngrep i strandsona viktige å følgje opp, auka fragmentering av natur spesielt i elvemunningar er eit aukande problem og må takast på alvor.

På bakgrunn av dette tok me ein rask sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet, i Artsdatabanken og på norgebilder.no. I disse godt tilgjengelege innsynsløysingane fant mange me veldig mykje som skulle vært nemnt i sjølve søknaden frå Olset eigedom as. Naturverdiane i området er ikkje belyst i søknaden slik det skal. Konklusjonen vår i saka som ein og kan lesa i våre avsluttande ord er at søknaden må avisast."

Uttalen går detaljert vidare med kva som FNF meiner Olset Eigedom ikkje har svara på i søknaden, bla hendingar i 2019 på eigdommen omtalt som dumping av betongavfall illustrert med flybilde. Heile uttalen er lagt med som vedlegg til løyvet.

Grunnfjell svarar på uttalene i e-post 18. mars 2025.

Attgjeving av svar:

- "Betongproduksjon, vi skal sende prøver av slam til testing, om det kan brukast som jordforbedring. Betongslam blir ikkje skylt på vika (som figur 3 i tilsvar frå Forum natur og friluftsliv viser), Grunnfjell As har overtatt produksjonen av betong. Betongslam etter vask av betongbiler, her har vi har i dag godkjent oppsamlingsplass, eksisterande anlegg skal utbetrast i løpet av året, gjenbruk av vaskevatt i betongproduksjon.
- Området vi skal fylle ut i sjø vil ikkje hindre dei som er interessert i fuglar med tilkomst, dei held deg der det er utsikt utover Askvika og innover våtmarksområdet.
- Vi vil ta hensyn til området rundt og bruke siltgardin for å hindre slam å spre seg utover Askvika og bruke reine utfyllingsmasser, storstein med lite finstoff. Det vil bli brukt lokal stein i størst muleg grad for å unngå lang transport.
- Vi vil i den grad det er muleg ta hensyn til omgivelsane, fugl, fisk og dyreliv. Alle inngrep i naturen har konsekvenser for området det blir utført i.

Vi ynskjer ha eit levande industriområde og tilpasse område vi disponerer til vårt bruk, vi er i dag to firma på området som Olset Entreprenør As brukt åleine tidlegare. Grunnfjell As er entreprenør med maskiner og utstyr som treng plass. Eit større område vil spare oss for unødvendig flytting av maskiner og utstyr fram og tilbake.

Grunnfjell As er sertifisert etter ISO 9001 og ISO 14001."



## Rettsleg grunngjeving for løyve

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling som bidreg til å spreie finstoff som kan påverke fiskeinteresser, verneområder, marine artar eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at utfyllingane i dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sediment" i vår vurdering av saka.

## Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

## Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneholder forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

## Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsloverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova, jf. forureiningslova § 11 fjerde ledd. Askvoll kommune skriv i sin uttale at gjeldande reguleringsplan er avsett til industri og utfylling i sjø er tillatt. Dei skriv vidare at reguleringsplanen er gamal, frå 1984, og vil truleg bli oppheva i samband med revisjon av arealdelen, eit arbeid som er i gang. Det har likevel ikkje vore noko tema å ikkje vidareføre industriområdet her.

Statsforvaltar kan då gje løyve etter forureiningslova til dette anleggsarbeidet. Vi tek med standard vilkår at løyvet ikkje kan nyttast før Askvoll kommune har godkjend tiltaket med rammeløyve og igangsetjingsløyve etter plan- og bygningslova.

## Statsforvaltar kommentar til uttalene om betong

FNF nemner at det tidlegare har vore forureining i sjø frå betongbilar på eigedomen, dokumentert med flyfoto. Grunnfjell skriv at dei har teke over betongproduksjonen og at dei er i gang med å oppgradere eksisterande vaskeplass for betongbilar der vaskevatnet skal gjenbrukast i betongproduksjonen. Desse forholda er ikkje relevante knytt til dette løyvet men relevant knytt til verksemdas tiltak for å redusere forureining frå dagleg verksemd. Betongprodusentar i Noreg fekk 1. januar 2023 miljøkrav å sette, gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 33<sup>2</sup> der Statsforvalteren er

---

<sup>2</sup> Kapittel 33 -Forurensning fra produksjon av fabrikkbetong, betongvarer og betongelementer




forureiningsstyresmakt. Statsforvalteren vil framover gjennom tilsyn av betongverksemdene kontrollere at dei stettar miljøkrava gjeve i forskrifta.

## Vår vurdering av søknaden

### Fiskeriinteresser, marine artar og verneområder nær tiltaksområdet

Vi er einig med Forum for natur og friluftsliv (FNF) i at søknaden er dårleg på å opplyse om fiskeriinteresser, marine naturtypar og verneområder i nærleiken av utfyllingsområdet som kan bli utsett for forureining og negativ påverknad frå utfyllinga. Søk i Artsdatabanken, Fiskeridirektoratets kart mm syner at FNF og Fiskeridirektoratet i sine uttalar har gjeve ei god beskriving i registrert artsmangfald i Askvika/Olsundet.

Utfyllingsområdet er omgitt av registrerte fiskeriinteresser (gytefelt kysttorsk<sup>3</sup>, gytefelt brisling<sup>4</sup>, fiskeplass for aktive reiskap<sup>5</sup>). (figur 2)



Figur 2 Registrerte fiskeriinteresser kjelde Fiskeridirektoratet

Utfyllingsområdet ligg ca. 300 meter vest frå registrert ålegrasamfunn<sup>6</sup> og eit blautbotnsområde i strandsona<sup>7</sup>. (figur 3)

<sup>3</sup> ID154 Høyvika – Granessundet – C-vekta gytefelt – lokalt viktig – kjelde: Havforskningsinstituttet


<sup>4</sup> ID569 – Askvika – Gytefelt brisling – februar – april – kjelde: Askvoll fiskarlag

<sup>5</sup> ID1305 Askvika – snurpenot/ringnot – makrell, sild og brisling - kjelde: Askvoll fiskarlag

<sup>6</sup> ID-BM00120591- Ålegras – verdi viktig – ein stor ålegraseng med tett førekomst av Zostra marina. Opptil 1 meter lange blad. Enga er 32 130 m<sup>2</sup> stor- Kjelde NIVA, HI og NGU 2019

<sup>7</sup> ID-BM00115011 – Askvika og Leira - svært viktig – Kjelde NIVA 2017





Figur 3 Registrerte marine naturtyper - ålegras til venstre, blautbotnsområde til høyre

Og utfyllingsområdet ligg hhv. 300 meter vest for Askvika<sup>8</sup> naturreservat og hhv. ca. 1 200 meter nord-aust for Lauvholmen<sup>9</sup> naturreservat og ca. 2 200 meter nord-aust for Flatøy<sup>10</sup> naturreservat (figur 4).



Figur 4 Utsnitt frå Kystinfo som syner naturreservat rundt tiltaksområdet

<sup>8</sup> ID-VV00001275 – Verneplan for våtmark – verna 1991, ingen forvaltningsplan- Formålet med naturreservatet er å verne eit område som er av særleg verdi for biologisk mangfald ved at det er ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl. Vernet skal gi sjøfuglane gode og trygge livsvilkår

<sup>9</sup> ID-VV00001285 – Verneplan for sjøfugl – forvaltningsplan godkjend 2009- Formålet med naturreservatet er å verne eit område som er av særleg verdi for biologisk mangfald ved at det er ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl. Vernet skal gi sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og ta vare på området med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Verneformålet gjeld på land og i vatn, medrekna sjøbotn, vassøyle og vassflate.- Kjelde Statsforvaltaren i Vestland

<sup>10</sup> ID-VV00001276 – Verneplan for sjøfugl – forvaltningsplan godkjend 2009- reservatet utmerkar seg ikkje ved store individual, men stort artsutval. Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekke-, trekk- og overvintringslokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv- Kjelde Statsforvaltaren i Vestland





## Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiring av partiklar som kan ha negative effektar på marine naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, marint naturmiljø og verneområder. Tiltaksområdet ligg omgitt av mange sårbare naturtypar og marine artar som omtalt ovanfor. Vi vurderer at vi kan gje løyve til denne utfyllinga, men det vil skje med mykje strengare vilkår for utføring enn det som er omsøkt.

Ei utfylling på 4 000 m<sup>3</sup>/ 1 000 m<sup>2</sup> vert klassifisert i Mdirs rettleiar M-350 som eit mellomstort tiltak, heilt i nedre del av skalaen (500 m<sup>3</sup> – 50 000 m<sup>3</sup>/1 000 m<sup>2</sup> – 30 000 m<sup>2</sup>). Basert på Statens vegvesen sitt verktøy for massehandtering vil utfyllinga medføre frå 330 til 400 lastebillass.

Utfyllinga skal delvis skje over ei eksisterande utfylling frå tidleg 90 talet. Utfyllinga skal skje med lastebil frå land og det skal nyttast lokal sprengstein som er beskriven som stor stein med lite finstoff. Det er ikkje opplyst om steinen er sprengt med elektroniske tennsystem med skytestreng som søkk eller non-el tennsystem med skytestreng som flyt. Vi krev at Olset Eigedom oversender oss meir detaljert informasjon om steinmassane som skal nyttast til utfyllinga.

Basert på innspel frå FNF, Fiskeridirektoratet og Askvoll kommune legg vi til grunn at fare for forureining og negativ påverknad vert redusert til akseptabelt nivå ved å utføre utfyllinga med følgjande avbøtande tiltak:

- Utfylling skal skje utanom gyteperioden som av Fiskeridirektoratet er sett til 1. februar til 31. mai.
- Utfyllinga skal skje bak dobbel siltgardin
- Siltgardinas funksjon skal overvakast med turbiditetsmålarar med alarmgrenser for stans i arbeida dersom alarmgrensa vert overskriden
- Søkjar skal utarbeide ein plan for kontroll og overvaking av anleggsarbeida i sjø. Planen skal godkjennast av Statsforvaltar før oppstart. Skrivning av planen, plassering og drift av turbiditetsmålarar og bestilling og feste av siltgardiner skal utførast av kompetent personell med røynsle frå slikt arbeid.
- Før og etter at utfyllinga er utført skal ålegrasforekomsten filmast med ROV og kompetent personell skal skrive ein statusrapport som skal sendast Statsforvalteren.

Vi set forbod mot utfylling i sjø i gyteperioden for kysttorsk. Vi vurderer at støy frå denne utfyllinga ikkje har negativ påverknad for verneområda for fugl pga lang avstand, så vi regulerer ikkje det. Vi har erfaring med pågåande utfyllingsprosjekt at doble siltgardiner gjev ein sikkerheit mot spreiring av finstoff frå utfyllingsmassane spesielt for å beskytte ålgerasforekomsten. Og vi set vilkår om at siltgardinas funksjon skal overvakast med turbiditetsmålarar på utsida av siltgardinene med alarmgrenser for stans i arbeida.

Statsforvaltaren meiner at faren for spreiring av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er gjeven i dette løyvet. Dei omsøkte tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet, med dei endringar og presiseringar som Statsforvaltaren har bestemt.



## Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er moglegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipienten vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

## Endring og omgjering

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

## Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.



Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunnlagt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

Løyvets vilkår

Uttale Forum for natur og friluftsliv

Uttale Askvoll kommune

Kopi til:

Askvoll kommune

Fiskeridirektoratet

Forum for natur og friluftsliv

Vestland fylkeskommune, marine kulturminner



## Løyve etter forureiningslova utfylling i sjø ved gnr/bnr. 30/44 Olset Eigedom i Askvoll kommune

Statsforvaltaren gjev Olset Eigedom løyve til utfylling i sjø med heimel i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 30. januar 2025 og andre opplysningar gitt i samband med behandling av søknaden.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventet oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og ev. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

### Data om verksemda

Bedrift	OLSET EIGEDOM AS
Postadresse	6980 Askvoll
Kommune og fylke	Askvoll, Vestland
Organisasjonsnummer	

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2025.0285.T	4645.0076.01	2025/1887

Løyve gitt første gong: 31. mars 2025	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Sissel Storebø seksjonsleiar		Magne Nesse senioringeniør

*Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Endringslogg

<b>Endringsnummer</b>	<b>Endringar av</b>	<b>Punkt</b>	<b>Beskriving</b>

## **1. Løyvet omfattar**

### **1.1 Omfang**

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling av ca. 4 000 m<sup>3</sup> massar over ca. 1 000 m<sup>2</sup> sjøbotn ved gnr/bnr 30/44 i Askvoll kommune.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 30. januar 2025 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

### **1.2 Varsel om oppstart**

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

## **2 Generelle vilkår**

### **2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg**

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

### **2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

### **2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare**

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

### **2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida**

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.



## **2.5 Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

## **2.6 Erstatningsansvar**

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

## **2.7 Kulturminne i sjø**

Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

## **2.8 Aktsemd ovanfor framande organismar**

Vestland fylke har gjennom dei siste årene registrert ein auking i observasjonar av fremmedarten japansk sjøpung, allment kjent som Havnespy. Denne arten har stort invasjonspotensiale, og høg økologisk effekt. Det er ikkje kjente observasjonar i sjølve tiltaksområdet, men arten er påvist ved kaier i Måløy, Florø, Gulen, Bergen, Askøy og Øygarden. Arten spreier seg via skipsfart, særleg inne i dei største hamnene som har vitjing av utanlandske skip. Arten kan òg spreie seg til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåser og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner derfor om plikta til aktsemd i medhald til forskrift om framande organismar § 18. I den står det at den som iverksette tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av fremmande organismar i miljøet skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Frå § 18 del a og b vises det til at tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneberer, kunnskap til å treffe forebyggande tiltak og kunnskap til å raskt avdekke utilsikta spreieing av framande organismar.

## **2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk**

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova. Løyvet kan ikkje nyttast før Askvoll kommune har godkjend tiltaket etter plan- og bygningslova.

# **3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining**

## **3.1 Internkontroll**

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta . Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

### **3.2 Beredskapsplan**

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

### **3.3 Varsling om akutt forureining**

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

## **4. Vilkår for utføring av tiltak i sjø**

### **4.1 Generelt**

Tiltaka i sjø skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og frå utfyllingsmassane og utfylt i minst mogleg grad blir spreidd.

### **4.2 Kontroll av utfyllingsmassar**

Masser som skal nyttast til utfylling er planlagt henta frå eige tomt. Det skal nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Informasjon om massane skal sendast Statsforvalter før oppstart, bla ein karakterisering av massane av geologkompetent person (andel finstoff/storleik/bergart) og kva tennsystem som er nytta ved utsprenging.

Statsforvaltaren skal haldast orientert om eventuelle nye leverandørar av utfyllingsmasser, der informasjon om massane vert sendt oss før utfylling skjer.

### **4.3 Tidsavgrensingar**

Av omsyn til gyteperioden for kysttorsk i Høyvika – Granessundet gytefelt skal utfyllinga ikkje utførast innafor tidsperioden 1. februar til 31. mai.

### **4.4 Siltgardiner/partikkelsprerter**

Som avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining og spreiding av finstoff til vassførekomsten ved utfylling skal det nyttast doble siltgardiner. Siltgardinene skal dekke heile

vassøyla på ein måte slik at grenseverdi for turbiditet blir overhalden. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrapport<sup>1</sup> frå Statens vegvesen.

Ved val av siltgardiner må straum- og vêrtilhøve, botn- og djupnetilhøva på staden leggjast til grunn for prosjektering av flytelegeme og vekt på lodd/botnfester.

Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut. Arbeid/utfylling i sjø skal ikkje skje når siltgardinene ikkje fungerer

#### **4.5 Turbiditetsmålingar**

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-94334 Partikkelkonsentrasjonen utanfor partikkelsperrea i tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 10 NTU/FNU i ein periode på meir enn 20 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal utfyllingsarbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak, eksempelvis å tilføre ei ekstra partikkelsperre.

Handtering av alarmer skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva aksjoner som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 3.1 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon tileigna i prosjektet skal brukast for justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på eigna stad eller djupne, skal målararen flyttast.

### **5 Kontroll og overvaking**

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreining av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Utarbeiding av planen, plassering og drift av turbiditetsmålarer og bestilling og feste av siltgardiner skal utførast av kompetent personell med røynsle frå slikt arbeid

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

Den ferdige kontroll- og overvaksingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

## **5. Avfall**

### **5.1 Generelle krav**

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

---

<sup>1</sup> Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013

## **5.2 Handtering av farleg avfall**

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall. Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på [www.avfallsdeklarerer.no](http://www.avfallsdeklarerer.no).

## **5.3 Plast**

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak. Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085 | 2018<sup>2</sup> kan nyttast som ein rettleier.

## **6. Overvaking og kontroll, og rapportering til Statsforvaltaren**

### **6.1 Plan for overvaking og kontroll**

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiding av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiding av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Utarbeiding av planen, plassering og drift av turbiditetsmålarer og bestilling og feste av siltgardiner skal utførast av kompetent personell med røynsle frå slikt arbeid

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

Den ferdige kontroll- og overvaksingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

### **6.2 Overvaking av ålegras**

Før og etter at utfyllinga er utført skal ålegrasførekomst ID-BM00120591 filmast med ROV og kompetent personell skal skrive ein statusrapport som skal sendast Statsforvalteren.

---

<sup>2</sup> Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018



## 6.2 Sluttrapport

Olset Eigedom skal sende rapport til Statsforvaltaren innan 10 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt utfylt (i m<sup>3</sup> eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

## 7. Tilsyn

Olset Eigedom plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2,  
6863 Leikanger.

Førde, 07.03.2025

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane og BirdLife Sogn og Fjordane.

## Fråsegn til søknad om utfylling i sjø for å utvide næringsareal.

Olsetvikane industriområde Askvoll kommune, ref.nr. 2025/1887  
Frå: Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane

Forum for natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i fylket. Per i dag er det 13 organisasjonar tilslutta FNF. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlemmar i fylket.

FNF er opptatt av å ta vare på naturgrunnet kommunane har og fremme et allment tilgjengeleg friluftsliv i kommunen.

**Me i FNF Sogn og Fjordane vil med dette komme med nokre innspel til søknaden om utfylling i sjø ved Olsetvikane industriområde. Om tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan skal me ikkje gå så djupt inn på, men vil visa til at planen er veldig gammal, og at reguleringsgrensa syner storleiken på området som kan nyttast til industriformål, det er ikkje det same som at det bør nyttast til dette. Det har skjedd mykje sidan 1985, og ein må sjå dette i lys av dagens situasjon og kunnskap rundt naturtap spesielt i viktige områder som elvemunningar er, spesielt med tanke på akvatisk liv og fugleliv. Fuglelivet i nærområdet vil også bli negativt påverka av Atløysambandet som skal passere området, den samla belastninga på dyregrupper i tilbakegang er for dårleg kjent.**

Når ein les sjølve søknadsskjemaet om utfylling i sjø så verkar det som dette er godt innanfor og at det ikkje er nokon negative følger av ei slik utfylling. Til tross for dette er alle inngrep i strandsona viktige å følgje opp, auka fragmentering av natur spesielt i elvemunningar er eit aukande problem og må takast på alvor.

På bakgrunn av dette tok me ein rask sjekk i Naturbasen til Miljødirektoratet, i Artsdatabanken og på norgebilder.no. I disse godt tilgjengelege innsynsløysingane fant mange me veldig mykje som skulle





vært nemnt i sjølve søknaden frå Olset eigedom as. Naturverdiane i området er ikkje belyst i søknaden slik det skal.

**Konklusjonen vår i saka som ein og kan lesa i våre avsluttande ord er at søknaden må avvisast.**

**Spørsmål og svar i søknadsskjemaet.**

Eit av spørsmåla som dei i søknaden skal svare på er om det er naturverdiar i eller i nærleiken av tiltaksområdet. Når dei då vel å krysse av «Nei» utan nokon kommentar vitnar det om at ein ikkje tar denne søknadsprosessen seriøst.

**Ved eit kort søk fant me mellom anna:**

**1. Lokalt viktig gytefelt for kysttorsk.**

Tiltaksområdet er innanfor eit felt registrert av Havforskningsinstituttet som viktig for kysttorsken.

**2. Gyteområde, med Brisling og Sild i tillegg til Torsk.**

Dette vart registrert av Askvoll Fiskarlag 2001 og 2012, samt Askv. F.nmd i 1982/1995. Området dekker tiltaksområdet.

**3. Nærleik til den viktige marine naturtypen Ålegrassamfunn. MarinNaturtypeld: BM00120591**

Denne naturtypen er svært viktig for mange marine dyr og fuglelivet i området.

Spesielt fiskeyngel knytt til gyteområda nyttar seg av slike områder.

Fragmentering av områda rundt kan påverke levedyktigheita til slike økosystem, og dei fragmenterte områda blir meir sårbare.

Slike områder er registrert med verdiklassen viktig.

**4. Nærleik til blautbotnsområder i strandsona.**

Denne naturtypen er registrert som svært viktig og overlappar litt med Ålegrassamfunnet nemnt ovanfor, det går så vidare innover i vika og Askvika Naturreservat.

**5. Nærleik til Askvika Naturreservat med tilhøyrande verneplan for våtmark.**

Her har det innanfor og utanfor området blitt registrert mange raudlista artar, slike verneområde blir påverka av det som skjer rundt, dette må det visast omsyn til.

Reservatet har ein variasjon som er viktig for å nå formålet med vernet, men det er og mykje av verneverdiane som er knytt opp til omkringliggende områder, som for eksempel ålegrassamfunnet, og sjølve innfallsporten frå fjorden. Fuglelivet som er fremtredande i området brukar området forskjellig igjennom sesongen og i flo og fjæresyklusane. Det er derfor svært viktig å ta vare på vika som går inn mot sjølve naturreservatet.


**6. Raudlista artar omliggande områder.**

Som for eksempel storskarv, lomvi, hettemåke, dvergdykker og sjøorre. Variasjonen er stor og viser området viktighet. Spesielt med tanke på kva utviklinga har vært for mange fugleartar dei siste 50 åra. Mange av registreringane som er gjort er av individ som er næringsøkande, og er nok strekt knytt til den stille vika, blautbotnsområda og ålegrassamfunnet.

**7. Ål (*Anguilla anguilla*)**

Området er ikkje direkte ferskvatn, men det fører til ferskvatn. Ål som blir spesifikt nemnt i

eit av spørsmåla i søknadsskjemaet finnes i bekker og vatn rett innanfor planområdet. Det er mellom anna registrert ål i bekkefaret opp mot Loftheimsåsen, i Hellestsvatnet som ein ut frå naturlege tilhøve kan anta har passert Olsetneset og planområdet. Vidare utfylling av strandsona vil påverke denne ruta negativt.



Figur 1. Slik ser det ut i kartet på [naturbase.no](http://naturbase.no) om ein hukar av for nokre relevante tema, som dei nemnt ovanfor.

### Allmenne brukarinteresser.

Det blir oppgitt i søknaden at det ikkje er allmente brukarinteresser som kan råkast av tiltaket. Dette stemmer ikkje heilt, nærområdet rundt er eit ettertrakta område for folk som er interessert i fuglar. Vidare fragmentering og auka aktivitet i strandsona kan påverke ålegrassamfunnet som dannar grunnlag for mykje av næringen som næringssøkande fuglar i vika.

### Forureiningsituasjon.

På spørsmålet om det er kjente forureiningskjelder i nærleiken svarar dei i søknadsskjemaet nei.


Det er ikkje registrert noko forureiningskjelder i nærområdet om ein ser bort frå grunnen ved gjenvinningsstasjonen på andre sida av Olsetvegen.

Men om ein ser på flybilde frå tida før området vest for eigendommen til Olset eigedom as så ser ein forureiningskjelder som burde vært opplyst om i søknaden, deler av denne forureininga stammar frå Olset eigedom.



Figur 2. flybilde frå 2020. Kjelde: norgeibilder.no

Bildet i figur 2 er frå 2020, her ser ein tydeleg fargenyansar ein normalt ikkje ser i ikkje forureina vatn. Dette har også forandra seg over få år. Me stiller derfor spørsmålsteikn om kva dette er?



Figur 3. flybilde frå 2019. Kjelde: norgeibilder.no

Om ein så går eit år tilbake til 2019 i figur 3, så ser det lik ut. Me ser då fleire betongbilar, og det som kan tolkast som dumping av betongavfall. Me kan ikkje finne nokon godkjenningar på dette. Vi ser og finpartiklar som spreia frå dette. Røyrkata som også synest i bildet er det heller ikkje opplyst om i søknaden. Den er etter det me forstår forlenga<sup>1</sup> bort til og med molen i forbindelse med

utfylling.

Dei siste utfyllingane vist i figur 7. går over denne røyrkata samt dekker over tidlegare synder. Det er vel ikkje slik det skal vera? Me har vært i kontakt med Askvoll kommune angående denne utfyllinga og spurt kvifor det vart søkt om tillating til utfylling i sjø gjennom i lys av plan og bygningslova, og ikkje søkt om tillating etter forureiningslova. Me fekk da vite at det var avklart med Statsforvaltar på telefon at det ikkje var behov for dette. Det er synd at slike viktige avgjersler ikkje blir journalført, slik at dei kan ettergås. Her meina me at det har blitt gjort feil. Tidlegare utfylling var det entreprenør Grunnfjell AS som hadde ansvaret for, slik det også er i utfyllinga det no søkast om. Me har ikkje klart å oppdrive dokumentasjon på korleis forureiningane vart vurdert og handtert i samband med denne utfyllinga. Uansett burde Grunnfjell AS og Olset eigedom AS opplyst om dette i pågåande søknad, det burde vært kjent for dei.

---

<sup>1</sup> [https://www.askvoll.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-d691afea\\_aaff\\_43de\\_a10d\\_c9d8e8907141-225547\\_1\\_AId-2020011821!KgLaCE?pid=10](https://www.askvoll.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-d691afea_aaff_43de_a10d_c9d8e8907141-225547_1_AId-2020011821!KgLaCE?pid=10)





Figur 4. flybilde frå 2014. Kjelde: norgebilder.no

Tidlegare flybilde frå 2014 viser at dette har stått på i lang tid. Denne manglande varsamheita eller manglande empati for naturen speglast og i den mangelfulle søknaden.

### Tidlegare utfyllingar.

Det har med jamne mellomrom blitt gjort utfyllingar i området dei siste 22 åra utan at me finner nokre godkjenningar på dette i innsynsløysingar hjå Miljødirektoratet. Med tanke på det me nettopp har belyst om forureiningskjelder knytt til området er me svært bekymra for kva desse utfyllingane inneheld, og kva dei dekker over. Dette er massar som direkte og indirekte påverkar miljøet, og det må kontrollerast om dette er gjort rett.



Figur 6. flybilde frå 2003. Kjelde: norgebilder.no



Figur 5. flybilde frå 2020. Kjelde: norgebilder.no



Figur 7. Siste tilgjengelege flybilde. Kjelde: Google maps.

**Avsluttande ord.**

Me meina at søknaden må avvisast da den er grovt mangelfull, vitnar om manglande respekt og forståing for sjølve søknadsprosessen. Ein søknad inneberer eit ansvar, dette skal ein ikkje fullt og heilt legge over på offentleg forvaltning, andre næringsaktørar og andre organisasjonar, slik det har blitt gjort her.

**Konklusjonen er at søknaden må avvisast.**

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

---

Åsmund Nordgulen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane

Fra: Åsmund Nordgulen[asmund.nordgulen@FNF-nett.no]

Sendt: 10.03.2025 23:45:12

Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

Tittel: Merknader til søknad om utfylling i sjø for å utvide næringsareal Olsetvikane industriområde Askvoll kommune.

---

Hei.

Her kjem merknader til søknad om utfylling i sjø for å utvide næringsareal Olsetvikane industriområde Askvoll kommune.

Skrivet blir sendt frå Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane på vegne av NJFF Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, BirdLife avd. Sogn og Fjordane og DNT Sogn og Fjordane.

Me vil gjerne på eit seinare tidspunkt ha ein kort gjennomgang av sakshandsaminga for utfyllingar som er gjort tidlegare ved Olsetvikane.

Me forstår at det er ein molo der som har hindra sprenginga av finpartiklar ved tidlegare utfylling i sjø, men er det då slik at ein då ikkje treng å søke ved utfylling i denne?

Dette kan me ta ein annan gong 😊

Med vennlig hilsen

Åsmund Nordgulen

Koordinator

**Forum for natur og friluftsliv**

Mobil: 95 99 21 35 | <https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/>

Hafstadvegen 34, 6800 Førde





Fra: Kjersti Sande Tveit[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no]  
Sendt: 21.03.2025 22:38:21  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Tittel: Høyring av søknad om utfylling i sjø i Olsetvikane industriområde - uttale

---

Ref. 2025/1887

Hei!

Vi viser til brev dat. 06.02.2025 med høyring av søknad om utfylling i sjø på gbnr. 30/44 i Olsetvikane.

Det aktuelle området er i reguleringsplan for Olsetvikane avsett til føremål industri, det vil seie at utfylling i sjø er tillatt.

<https://www.arealplaner.no/askvoll4645/arealplaner/6?planStatusId=3>

Føresegnene til reguleringsplanen inneheld ikkje føringar som er relevante for ureiningssaka. Reguleringsplanen er gamal, frå 1984, og vil truleg bli oppheva i samband med revisjon av arealdelen, eit arbeid som er i gang. Det har likevel ikkje vore noko tema å ikkje vidareføre industriområdet her.

Vi kjenner ikkje til konkret mistanke om ureining i grunnen/sjøbotnen i området. Det har vore betongproduksjon på aktuell eigedom i mange år.

Askvoll kommune har ikkje innvendingar mot den omsøkte utfyllinga. Det er likevel naturleg at det vert sett krav i løyvet etter ureiningslova, slik at det vert teke omsyn til dei mange naturverdiane i området.

Vi kan opplyse at detaljregulering for Atløysambandet (vedteken 2019) går gjennom industriområdet, og såleis erstattar delar av reguleringsplan for Olsetvikane. I denne planen vart det teke inn føresegner som gjeld delar av industriområdet og sjøområda litt lengre vest enn omsøkte areal.

<https://www.arealplaner.no/askvoll4645/arealplaner/85?planStatusId=3>

Pkt. 2.6: «... Støyande anleggsarbeid i nærleiken av Askvika naturreservat bør ikkje skje vinterstid og i trekkperiodane haust og vår. ... Det skal søkjast om løyve til tiltak/utfylling i sjø i samsvar med forureiningsloven. For å hindre unødig skade på miljø og særleg sårbar natur, skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast for å unngå forureining og uheldig spreiding av finstoff. ...»

Pkt. 2.13 Anleggsperioden: «...Støy frå byggje- og anleggsverksemd skal ligge under støygrenser fastsett i retningsliner eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. ...»

3.2 Næringsbygg: ... Støy frå byggje- og anleggsverksemd og aktivitet i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningsliner eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Flomlys og anna lys skal skjermast, slik at lyset vert avgrensa til dei områda der det er trong for lys. Støyande verksemd og anleggsarbeid innanfor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagdar. ...»

3.3 Hamn: «... Det er ikkje tillatt med sprenging, utfylling og deponering i gytteperioden til torsk og sild, som er i tidsperioden frå og med februar til og med april, og i hekkeperioden for fugl i perioden frå og med april til og med juni. Vidare må det iverksetjast tiltak for å unngå spreiding av oppkvervla finsediment ved utfylling og bygging i sjø. Støy frå byggje- og anleggsverksemd og aktivitet i området skal ligge under støygrenser fastsett i retningsliner eller forskrift i medhald av forureiningslova, pt. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Flomlys og anna lys skal skjermast, slik at lyset vert

avgrensa til dei områda der det er trong for lys. Støyande verksemd og anleggsarbeid innanfor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagane. ...»

3.4 Kai: same føresegnar som 3.3 Hamn over.

7.1 Vilkår for bruk av arealar, bygningar og anlegg: «Sprenging og utfylling i sjø kan ikkje utførast i tidsrommet frå og med februar til og med juni innafør området. Ein skal nytte seg av boblegardin ved sprenging, og siltgardin ved ev. utfyllingar i sjø og der det er risiko for opphvirvling og spreiding av partiklar, eller tilsvarande metodar.»

Føresegnene i denne planen er sett ut frå omsyn til naturmangfald i sjø i området, naturreservata Askvika og Lauvholmen og dei som bur i Askvoll sentrum, som ligg tvers overfor Olsetvikane.

Kjersti Sande Tveit  
-plan- og miljøvernleiar-

Direkte tf.: 57 73 07 08

Sentralbord: 57 73 07 00

E-post: [kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no](mailto:kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no)